



Samarbeid mellom

flyktingtenesta, asylmottak
og den offentlege

tannhelsetenesta



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Innhald

| | |
|--|---|
| Begrepsavklaring | 3 |
| Om rettar og tilbod i tannhelsetenesta | 3 |
| Behandlingstilbod..... | 3 |
| Bruk av tolk..... | 4 |
| Ved første besøk på tannklinikken..... | 5 |
| Ved behandling, helsefremmande og førebyggande tiltak: | 5 |
| Korleis gjennomføre ein tolka samtale: | 5 |
| Informasjonsmateriell og undervisning | 6 |
| Undervisningsmateriell: | 6 |
| Barn med innvandrarbakgrunn | 7 |
| Lover og regelverk..... | 7 |

Begrepsavklaring

- **Asylsøkar;** person som kjem til Norge på eigenhand og ber om beskyttelse. Kan få mellombels opphald under søknadsprosessen. Dersom søknaden blir godkjent, får søkeren status som flyktning.
- **Flyktning;** har fått opphaldsløyve i Norge og er/ skal busettast i ei kommune.
- **Kvoteflyktning;** Person som oppfyller FNs flyktningkonvensjon, og som Norge tar imot etter førespurnad frå FN. Blir busett direkte i ei kommune.
- **Opphald på humanitært grunnlag;** Opphaldsløyve på grunn av sterke menneskelege omsyn eller særleg tilknytning til Norge. Til dømes einsleg mindreårige og personar utsatt for menneskehandel.

Om rettar og tilbod i tannhelsetenesta

Fylkeskommunen skal syte for at nødvendig tannhelsehjelp er tilgjengeleg for alle som bur eller mellombels oppheld seg i fylket, herunder flyktningar, personar med opphald på humanitært grunnlag, asylsøkarar som bur eller oppheld seg på asylmottak Retten gjeld uavhengig gjeld uavhengig av om asylsøkarer bur privat eller i asylmottak.

Den offentlege tannhelsetenesta gir tilbod til dei som høyrer til dei prioriterte gruppene definert i lov om tannhelsetenester. Flyktningar og asylsøkarar i alderen 0-20 år har som andre barn og unge rett til innkalling og undersøking frå den offentlege tannhelsetenesta.

Ungdom i alderen 19-20 år må betale 25% av takstar i den offentlege tannhelsetenesta. For vaksne gjeld prinsippet om eigenbetaling.

Meir informasjon om rettar:

- «Veileder for helsetjenestetilbudet til asylsøkere, flyktninger og familiegjenforente» IS-1022, (oppdatert 24.11.17) frå Helsedirektoratet
- «Veileder om kommunikasjon via tolk for ledere og personell i helse- og omsorgstjenestene» IS-1924
- Rundskriv 13/2015 Flyktningar og tannbehandling, frå Fylkestannlegen i M&R
- [Rundskriv I-23/99 frå dåverande Sosial- og helsedepartementet](#)

Behandlingstilbod

Dei første 4 vekene etter personen er kome til landet, blir det gitt tilbod om **akutthjelp**, som behandling av smerter og infeksjonar. I løpet av de første 6 månadane skal det gis akutt hjelp og førebels undersøking, og tilbod om primær- og sekundærførebyggande teneste. Tannregulering med fast apparatur er ikkje aktuelt før vedkommande har fått opphaldsløyve og har flytta til permanent bustad.

Når flyktningar blir busett i ei kommune, har dei rett til tannhelsetenester på lik linje med norske borgarar jf. Lov om tannhelsetenesta.

Tannhelsetenesta må ha oversikt over barn og unge på asylmottaket eller gjennom flyktningtenesta for å kunne gi dei tilbodet. Gjennom eit samarbeid mellom tenesteområda bør tannhelsetenesta få ei oversikt over kva barn og ungdom som bur på asylmottak, eller nyleg er busett som flyktning. Eit samarbeid med mottaka og flyktningtenesta om rutinar og fordeling av ansvar for korleis tannhelsehjelp og førebyggjande tenester skal ytast, er derfor nødvendig.

Til det året ein fyller 18 år er all tannbehandling, **med unntak av tannregulering**, gratis hos den offentlege tannhelsetenesta. Ungdom i alderen 19–20 år må betale 25 prosent av fastlagde takster.

Dersom det er tvil om asylsøkaren sin alder, skal personen behandlast som mindreårig fram til den frivillige alderstesten resulterer i at vedkommande blir definert som myndig, eller det på anna måte kan dokumenterast at vedkommande er myndig.

Personar i statlege mottak som er over 20 år og som ikkje høyrer til ei gruppe som fylkeskommunen gir et oppsøkande tilbod til, må sjølv kontakte tannlege ved behov. Tannhelsepersonell bør vere merksam på at pasientar som har vore **utsett for tortur**, kan lide under smerter og ha skader på tenner og i munn, i tillegg til at sjølv tannundersøkinga kan opplevast belastande. Ved dokumentasjon av torturskader skal **retningslinjer** for helseattester følgast, jamfør [helsepersonelloven § 15](#).

Dersom det ligg føre dokumentasjon på at pasienten er utsett for tortur, treng ikkje vere spesifikt retta mot munn eller tenner, har vedkommande rett til behandling av TOO teamet. Tilvising skal sendast fylkestannlegens kontor ved Eva Refsnæs. Eventuelle spørsmål skal rettast til Trine Monsen, DTK St Carolus TLF:71258300

Bruk av tolk

I mange tilfelle er det nødvendig at kvalifisert tolk hjelper tannhelsepersonell i samband med undersøking og behandling, jamfør pasient- og brukarrettighetsloven § 3-5. Det å bruke kvalifisert tolk er viktig for å ta vare på brukaren sin rettssikkerheit. Det blir tilrådd å bruke Nasjonalt tolkeregister: Tolkeportalen.no

Ved behandling av barn og andre i prioriterte grupper, blir utgifter til tolk dekt av den offentlege tannhelsetenesta sitt budsjett.

Ved behandling av personar i statleg mottak som **ikkje** er prioritert etter tannhelsetjenesteloven § 1-3, bør kommunen dekke utgiftene til tolketeneste, uavhengig av om behandlinga blir utført av den offentlege tannhelsetenesta eller hos privatpraktiserande tannlege (jf. rundskriv I-23/99).

Ved første besøk på tannklinikken

Avklar med flyktningsstenesta /asylmottaket om det er behov for tolketeneste, og bestill tolk i god tid.

Bruk av mapper med tannhelseartiklar:

Ved første besøk av barn i alderen 3 -18 år på tannklinikken, deler vi ut ei «start-pakke» med munnstellartiklar gratis. Dette kan ein dele ut i samband med tannhelseinformasjon og ev. rettleiing i tann og munnstell.

Det er to typar «mapper»

- Til småbarn frå ca. 3- 7 år
- Til barn/ ungdom med blandingstannsett.

Baby-tannbørster får dei minste på helsestasjonen på lik linje som norsk-fødde barn, noko som den offentlege tannhelsetenesta gir gratis til helsestasjonstenesta.

Informasjonsmateriell på 31 forskjellige språk, kan lastast ned gratis frå Norsk Tannvern.

<http://www.tannvern.no/fremmedspraklig-materiell.html>

Ved behandling, helsefremmande og førebyggande tiltak:

- Møt pasienten med interesse og respekt
- Ta det pasienten seier på alvor, ein god relasjon mellom behandlar og pasient kan virke helsefremmande og førebyggande i seg sjølv
- Eit godt samarbeid fører ofte til ei vellykka behandling
- Ei vellykka behandling aukar sjansen for at pasienten får tillit til norsk tannhelseteneste (og helseteneste)
- Samtale om kosthald og livstil

Korleis gjennomføre ein tolka samtale:

- Ver godt førebudd på eigen rolle og eige budskap
- Samtalepartnarar skal vende seg direkte til kvarandre, ikkje til tolk eller telefonen ved bruk av telefontolk. Ha augekontakt med pasienten/brukaren
- Snakk tydeleg og bruk eit klart språk
- Ver sakleg og så presis som mogleg, ikkje mange spørsmål eller mange tema på ein gong
- Ver sensitiv for pasienten sine reaksjonar i tolkesituasjonen
- Still kontrollspørsmål for å forsikre deg om at samtalepartnaren forstår
- I «Veileder for kommunikasjon via tolk, for ledere og personell i helse og omsorgstenesta», IS-1924 står om helse og omsorgspersonell sitt ansvar for tilrettelagt kommunikasjon ved hjelp av tolking, gode råd ved bestilling av tolk og om fjerntolking via skjerm og telefon.

Informasjonsmateriell og undervisning

Flyktingtenesta i kommunen har eit introduksjonsprogram for flyktningar, og asylsøkarar ved mottaka deltek på eit informasjonsprogram som til dømes «Foreldre i Norge». Mange tema blir tatt opp, og vi ønsker tannhelse som eit obligatorisk tema inn i årsprogramma, der tannhelsepersonell deltek med informasjon og rettleiing.

Tips ved deltaking på introduksjonsprogram/informasjonsmøte:

Ved informasjon/undervisning bruker ein gjerne lengre tid enn «normalt», då tolkar skal omsette tannhelseinformasjonen og ofte til fleire språk. Rekn derfor god tid, ca. 1,5-2 timar.

Undervisningsmateriell:

- Sunn start sin undervisning pakke om munnhelse www.sunnstartnorge.no
- Powerpoint frå tannhelsetenesta i Møre og Romsdal, med forskjellig bildemateriell til å sette saman ut frå målgruppe.
- DVD-er som:
 - «Veiviser til god tannhelse» (gratis nedlasting på 32 språk)
 - «Happy teeth» (22 språk) frå Norsk Tannvern.
- Materiell på aktuelle språk henta frå Norsk Tannvern
- Andre

Få informasjon om kven som blir deltakarar på kurset. Er det foreldre med born, einslege mindreårige etc. og kva språk deltakarane har. Kva er relevant å informere om til denne gruppa? Hent aktuelt materiell ut frå målgruppe og språk.

- Prat seint og tydeleg
- Bruk eit enkelt språk
- Gi grunnleggande enkel informasjon, ikkje tenk at noko er kjent. Til dømes som organisasjon, prioriterte grupper, rutinar for innkalling og viktigheten med å møte på tannklinikken til avtalt tid.
- Vent til tolken har prata ferdig og ev. kjem med spørsmål, før du pratar vidare (ein til to setningar før tolken oversett) Bruk tid til spørsmål og dialog
- Ver merksam på språklege misforståingar som kan oppstå

Vis forskjellige hjelpemiddel som til dømes:

- Tannbørste, ulik storleik og fastheit
- Modell og tannbørste til praktisk visning
- Tanntråd/tannstikkar/interdentalbørste
- Tannkrem m. fluor, informere fluorverknad
- Fluorskyll/fluortablettar
- Sukettar
- Colaflaske e.l. med sukkerbiter for å illustrere mengde med sukker

Hugs, alt dette skal brukarane kunne kjenne igjen i butikken.

Mange asylsøkarar og flyktningar brukar naturlege produkt for å gjere tennene reine, som eks. Miswak, som er ein kvist som blir brukt som tannbørste eller til å tygge på. Dette er å få kjøpt i dei fleste innvandrarbutikkar. Miswak blir brukt i dei fleste muslimske land, India, Sørøst-Asia og enkelte land i Afrika. Det er likevel viktig å påpeike at ein i tillegg bør bruke tannbørste og fluortannkrem. Sjå også etter aktuelt materiell hos Norsk Tannvern sin nettbutikk under «fremmedspråklig materiell» for å laste ned gratis.

Barn med innvandrerbakgrunn

Innvandrarar er ei samansett gruppe, og det er sosial ulikheit mellom innvandrarar på same måte som hos etnisk norske borgarar. Kunnskap om tannhelse i ulike innvandrargrupper kan vere mangelfull. Grupper av barn med innvandrerbakgrunn har ein større risiko for å ha høg førekomst av, eller auka risiko for å utvikle tannsjukdom .

Det blir tilrådd å ha høg merksemd mot barn med innvandrerbakgrunn og tett oppfølging av dei som har behov.

- Identifiser individ eller grupper med tannhelseutfordringar
- Samarbeid ev. med aktuelle samarbeidspartnarar som eks. helsesøstre/barnehagar
- Gi individretta og/eller grupperetta tiltak
- Legg stor vekt på god kommunikasjon og samarbeid med foreldre
- Gi tett oppfølging for å få etablert gode tannhelsevanar
- Ha sterkt fokus på praktisk opplæring i tannpuss og kostinformasjon
- Bruk kvalifisert tolk dersom behov. Barn skal ikkje nyttast som tolk

Lover og regelverk

- Lov om tannhelsetjenesten (1983)
- Veileder «Helsetjenestetilbudet til asylsøkere, flyktninger og familiegjenforente» IS-1022 (2010, og med endringar oppdatert 16.9.2016)
- Rundskriv 13/2015 Flyktningar og tannbehandling frå Fylkestannlegen i Møre og Romsdal
- Rundskriv frå dåverande Sosial og helsedepartement, «Retningslinjer for tannhelsetjenester til flyktninger og asylsøkere i statlig mottak ansvar, tjenestens faglige innhold og betalingsordninger» : I-23/99 (25.8.1999)
- Lov om pasient og brukarrettigheter (1999)
- Lov om helsepersonell (1999)
- Veileder «God kommunikasjon via tolk, veileder om kommunikasjon via tolk for ledere og personell i helse- og omsorgstjenesten,» IS-1924
- Nasjonal strategi om innvandreres helse 2013-2017 «Likeverdige helse- og omsorgstjenester – god helse for alle»
- Veileder «Når du trenger tolk, veileder for kjøp av tolketjenester i offentlige virksomheter» Integrerings- og mangfolds direktoratet (IMDi) Tolkeportalen.no



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Fylkeshuset, 6412 Molde
Telefon 71 25 80 00
post@mrfylke.no
mrfylke.no